

Oppsummering av møte 8.1.2020

Arbeidsgruppe for offentleg tenesteyting og friviljuge organisasjonar

Til stades:

Annlaug Kjelstad (leiar) og Morten Dyrstad (Longyearbyen lokalstyre)

Ingvild Sæbu Vatn (Longyearbyen hundeklubb)

Geir Hekne og Tore Hoem (Totakteren)

Silje Hagen (Svalbard Turn)

Torgeir Prytz og Lise Gulstad (Longyearbyen Jeger- og fiskerforening)

Elke Morgner (Longyearbyen Røde Kors)

Anne Silje Berg (sekretær) (Sysselmannen)

Ikkje til stades: NVE, Svalbard seilforening og Longyearbyen feltbiologiske forening

Generelle innspel

Morten Dyrstad peikte på mangel på kartlegginger av undervannsområde. Finst det meir forsking på dette som ikkje er teke med i kunnskapsgrunnlaget?

Ingvild Sæbu Vatn stilte spørsmål ved breidda i kven som er representert i dette arbeidet, med tanke på befolkningsgrupper og nasjonalitet. Innspel om å ta kontakt med dei som nå driv med forsking på sosiale område i Longyearbyen.

Lokalstyret har sett av midler til folketrakk. Dette arbeidet kan vurderast gjort av nokon av dei som driv med forsking på sosiale område og som har relevant kompetanse.

Sidan det første møtet i desember har deltakarane i arbeidsgruppa diskutert spørsmåla/ fått innspel frå eige organisasjon. Dette var oppgåva frå førre møte:

Skissere kva geografiske område som er viktige for sin organisasjon. Dette kan omfatte utleigehytter og trasear, og bør også omfatte konkrete tal der dette er mogleg. Skisser på kart må supplerast skriftleg, med tellinger der dette er mogleg. Innspel om også å beskrive verdien av tilboda/ bruken. Skriftleg informasjon blir gjeve i plenum på møtet, i eit format som kan oversendes sekretær.

Flere var på møtet inne på at motorisert ferdsel er et middel for å utøve friluftsliv og ikke-motorisert ferdsel på Svalbard, på lik linje med at bil brukes til dette på fastlandet. Båt og scooter brukes for å komme til de områdene som friluftslivet skal utøves, toppturer på ski og til fots, jakt, fiske, hytteturar og generelt friluftsliv. Gruppa peker på at dette er et svært viktig element som ikke er godt nok kjent utenfor Svalbard – at Svalbards befolkning ikke har muligheten til å hoppe i bilen og suse på hytta eller til fjells slik resten av Norges befolkning gjør hver helg.

Svalbard Turn

Vil bidra med innspel knytt til bulyst og folkehelse og kva friheit til ferdsel har å bety for trivselen til busette i byen. vil også ha fokus på miljø og søppel. Disponerer Grøndalshytta for sine medlemar. Ønskjer å få fram at ferdsel også kan vere positivt, for eksempel med tanke på søppelyrdding. Og innimellan kan folks nærvær føre til at område blir meir brukta av fugl og dyreliv.

Longyearbyen Jeger- og Fiskerforening (LJFF)

Medlemane i LJFF har ei stor breidde i aktivitetar. Generelt er medlemane opptekne av friluftsliv,

ferdsel, hausting og generelt ivaretaking av miljøet. LJFF peiker på at friheita til å oppleve svalbardnaturen som viktig for livskvaliteten. For mange er motorisert ferdsel den einaste moglegheita til å kome seg utanfor Longyearbyen. Det vart understreka viktigeita av å oppleve naturen på eigne premiss, og trekkjer linjer til allemannsretten på fastlandet. Opplever generelt at det er stort fokus på tryggleik blant medlemene. Mange som ferdser mykje ute og kjenner Svalbard over tid er også gode observatørar av hendingar og endringar. Ikke minst blir det peikt på at organisasjonen sit på verdifull lokalhistorisk kunnskap. LJFF peiker på at avgrensing av ferdsel i eitt område kan føre til auka trykk i andre område.

Område som organisasjonen peiker på som særleg viktige er område der hyttene ligg, område for jakt og fangst og tilgang til fjordis for seljakt. Organisasjonen har ti hytter for utleige.

Er ellers opptekne av at ny forvaltningsplan/ verneforskrift må ta høgde for at det igjen kan bli «gode isår».

LJFF har utarbeidd kart som syner ferdsel, og vil også utarbeide oversikt over ilandstigingslokalitetar/gode hamner.

Totakteren

Totakteren driftar småbåthamna i Longyearbyen med plass til 140 båtar. Aktivitet i hamna medio mai til medio oktober. Peiker på hamna som ein viktig del av Longyearbyen, også som samlingspunkt. Geir Hekne seier dei har ei oppfatning av kva område som er brukt blant medlemene, men det er ingen statistikk eller konkrete tal på kvar medlemene reiser. Illandstigningspunktata som i hovudsak er brukt er tilnærma likt som i kunnskapsgrunnlaget.

Totakteren har fire hytter, som er til bruk for fastbuande. Sesongen 2018/ 2019 er hyttene registrert brukt 35 helger med rundt 100 overnattingsdøgn. Overgangshytta, Dunér og Camp Morton blir besøkt i hovudsak ved hjelp av skuter, medan Bjonahamna er i bruk heile året.

Også Totakteren understreker viktigeita av å kunne ferdast rundt på snøskuter. For mange er det ein viktig del av å bu på Svalbard at ein har denne friheita. Dermed blir slik ferdsel også viktig for å oppretthalde eit norsk familiesamfunn, jamfør stortingsmeldinga.

Understreker (LJFF og 2T) at hyttene er forbeholdt fastbuande.

Lokalstyret (LL)

Er opptekne av at bukvalitet og bevegelsesfreiheit heng tett saman, og senser redselen for at blir innført store ferdelsrestriksjonar. Også politisk viktig å ivareta innbyggjarane sin bukvalitet. Ønskjer at Sysselmannen går ut offentleg med det nå dersom intensjonen ikkje er å kome med endringar i ferdelsreglementet i dette arbeidet, fordi ferdsel ellers vil ta mykje fokus. LL er ellers tydelege på at dei vil halde stort trykk på tema kring å oppretthalde dagens ferdelsmogleheter. Attendumelding frå barn og unge også om at mogleheitene for dagens ferdsel blir som i dag.

Angåande energiproduksjon peiker LL på at dette også må vere tema for Svea og Isfjord Radio.

Har hytter for sine tilsette: Passhytta og Kapp Laila.

Røde Kors

har to hytter for sine medlemar: Reindalshytta og Brucebyen. Reindalshytta er i bruk i hovudsak februar til mai, totalt 16 døgn sist sesong, og brukarane kjem seg til hytta både med skuter, ski og hundespann. Brucebyen er i bruk frå mars til september, den var i bruk 13 døgn sist sesong, og tilkomst er i hovudsak via båt. Brucebyen er også i bruk under brekurs om sommaren, og er berre i liten grad utleigd til eksterne.

Røds Kors seier at det ikkje alltid er like tenleg å sette eit tydeleg skille mellom motorisert og ikkje-motorisert ferdsel. Mange medlemar brukar skuter som utgangspunkt for skiturar, for eksempel.

Det må vere tilgang på område for ikkje-motorisert ferdsel, og Røde Kors spør om det er på tide å vurdere andre skuterfrie område. Dei er kritiske til næringshytter i nærområdet til byen, nærområde utan «turistifisert» aktivitet er verdifulle for eksempel for småbarnsfølelsen, og peiker på «den bynære villmarksfølelsen».

For aktiviteten og drifta i Røde Kors er det viktig at medlemane har moglegheit til å samle eigne erfaringer, bli lokalkjende og ha tilgang overalt slik at alle som kan måtte ut i felt dersom det oppstår hendingar er kjende og førebudde. For å gjennomføre kurs er dei også avhengige av å ha tilgang på alternative område når det oppstår endringar i vær og føre.

Cruisetrafikken påverker korleis Røde Kors planlegg si verksemد og korleis dei øver, med tanke på kompetanse på redningsarbeid i stor skala.

Hundeklubben

Stiller spørsmål ved at det manglar eit fastbuandeperspektiv i oppdragsbrevet frå departementet: «*Hensikten er å legge til rette for og styre bruken slik at målene om økt lokal verdiskaping og gode opplevelser for de besøkende oppnås, samtidig som forståelsen for Svalbards unike miljøkvaliteter økes og verneverdier ivaretas i samsvar med miljømålene for Svalbard og formålet med verneområdene.*» Ber Sysselmannen forklare bakgrunnen for dette. Hundeklubben understreker at dei føreset at når dei bidreg i dette arbeidet så får deira innspel legitimitet og tyngde idet vidare arbeidet.

Hundeklubben opplever ikkje at det er konflikt mellom sine aktivitetar og skutertrafikken. Skuterfrie område har noko for seg i nærområdet til Longyearbyen.

Klubben sine medlemar tel over 100, og dei gjennomfører turar, trening, konkurranser og andre aktivitetar. Det er viktig for medlemane å både kunne bruke nærområdet og å kunne kome seg på lengre turar. I Longyearbyen er det litt over 600 hundar hos kommersielle firma, samt om lag 400 privateigde polarhundar. Hundane blir sett på som både transportmiddel, ein «tolk» til naturen og hund som brukshund er sterkt knytt til livet i Arktis, også historisk, for eksempel knytt til seljakta, å kunne «leve av det landet ein bur i».

Har ellers starta arbeidet med å innhente attendemelding frå medlemane på ruter som er i bruk, men understreker at informasjonen ikkje nødvendigvis er basert på at turane er gjort med hund. Vil også kome med attendemelding om kva som styrer deira ferdsel og kva verdi områda dei ferdast i har for dei.

Andre innspel

- Ulike meiningar om å slå «eige» på område, som i midlertidige leire og innretningar, dette kan redusere opplevingsverdien.
- God tilrettelegging i nærområde kan føre til mindre press i andre område.
- Ein bør vere forsiktig med å skape skille mellom fastbuande og tilreisande, fordi det ofte er felles bruk og interesser.
- Det må ikkje vere konsensus i gruppa, men det er ein fordel om ein kan samle seg om særleg viktige tema. Alle står uansett fritt til å kome med separate høyringsinnspel uavhengig av arbeidsgruppa.
- Gruppa er kritiske til «kolektiv avstraffing» som å stenge fjordar for ferdsel. Ein bør heller etterga enkeltsaker i større grad.

- Forvaltningsplanen og eit utvida vern av Nordenskiöld Land har eit langsiktig perspektiv. Det er viktig at det blir teke høgde for at motorisert ferdsel vil vere av ein annan art i framtida enn i dag. Det må vere fokus på eit grønt skifte, at utvikling skjer på dette feltet.
- Forsking står for ein stor del av avtrykket/ bruken av Svalbard, og det er i bestemmelser gjeve unntak for forsking. Til dels kritiske til dette.
- Det er viktig å nyansere informasjonen. Når det blir teikna streker eller område på kartet kan trykket verke større enn det i realiteten er. Differensierte kvar trykket er og at det også blir kjørt andre plassar. Difor er det viktig også med skriftleg supplement til kart.

Neste møte: **5. februar klokka 16-19 hos lokalstyret**. Innkalling og nærmere informasjon blir sendt ut på e-post i forkant.

Til neste møte skal deltakarane i gruppa

- Arbeide vidare med det som ikkje vart levert til dette møtet
- Kome med innspel til kva nye ferdsselsformer og farkostar ein bør ta høgde for på Svalbard, og kva negative og positive effektar desse kan ha
- Kome med innspel på kva grep forvaltninga kan gjere for å skape gode rammevilkår for ferdsel og bruk
- Svare på om ilandstigninger frå cruiseskip påverker din organisasjon, og korleis
- Tenkje over kva som kan vere det endelege produktet frå arbeidsgruppa